

Eit sosialliberalt Lindås



**«Folk må få dekt dei
grunnleggjande velferdsbehova
i sitt nærområde.»**

Aashild Halland

Venstre sin ordførarkandidat i Lindås



venstre

Lindås Venstre si valbrosjyre for kommune- og fylkestingsvalet 2011-2015

Venstre i Lindås vil, i tråd med vårt sosialliberale grunnsyn, setja mennesket i sentrum. Me ønskjer at alle i størst mogeleg grad skal vera med på å ta ansvar, både for eige liv og for fellesskapet. Me ønskjer eit samfunn i utvikling utan fastlåste løysingar, og eit aktivt lokal-demokrati som tek omsyn til natur- og miljøkvalitetar og trygge oppveksttilhøve.

Skule- og barnehage

Venstre meiner auka satsing på skule og utdanning er den viktigaste investeringa samfunnet kan gjera. Skulen og barnehagen skal formidla kunnskap, skapa nysgjerrigheit, medverka til utvikling av borna våre, utvikla forståing og kunnskap om dei sentrale verdiane vi byggjer samfunnet vårt på, t.d. folkestyre, toleranse og mangfald. Borna må takast omsyn til som einiskildmenneske- med individuelle behov.

Venstre vil

- omgjera vedtaka om å leggja ned skulane på Skodvin, Kløvheim og Festo.
- at rektor på kvar skule har økonomi- og arbeidsgjevaransvar
- ha ny ungdomsskule i Alversund eller Knarvik
- prioritera lærarressursen og undervisningsmaterieill i grunnskulen
- prioritera tryggare skuleveggar i samsvar med trafikktryggleiksplanen, og at dei som har utrygg skuleveg får fri skuleskyss
- byggja ny barnehage i Alversund-området
- handsama kommunale og private barnehagar likt
- utvikla kulturskulen

Kultur og idrett

Venstre vil kjempa for den eigenverdien kulturen har. Vi ønskjer eit mangfald i kulturlivet, og at eldsjelene/det frivilljuge organisasjonslivet får kommunal merksemd i alle bygder. Venstre vil

- byggja den planlagde kyrkja i Knarvik
- auka løyvingane til kulturføremål for å støtta ulike former for kulturaktivitetar
- støtta arbeidet med fleirbrukshall i Alversund
- vidareutvikla bibliotektenesta og oppretthalda bokbussen
- utvikla museumstilbodet og styrka kulturminnevernet

Ungdom

Born og unge er framtida. Me vil møte deira behov for sjølvstende ved å medverka til at dei i større grad kan ta ansvar for eiga fritid. Venstre vil

- styrka det vidaregåande skuletilbodet i Nordhordland
- at det vert fleire tilbod til «uorganisert» ungdom, t.d. ved å leggja til rette for fleire ungdomsklubbar
- at kommunen støttar rusfrie arrangement for ungdom
- utvikla samarbeidet med Ungdomsrådet

Næringsliv

Venstre ønskjer at det skal vera lett å etablere nye verksemdar, og at eksisterande skal ha rammevilkår som gjev dei høve til å utvikla seg. Då vil vi kunne skapa fleire arbeidsplassar. Venstre vil

- vidareutvikla Knarvik som regionsenter for Nordhordland gjennom t.d.
 - konsentrert bustadbygging på bymessig vis,
 - framtidretta trafikale løysingar som tek omsyn til menneske og utvikling av tenesteytande næringar
 - bygging av kulturhus
 - symjeanlegg
- ta initiativ til å samordna den offentlege innsatsen innafor næringsutvikling i regionen, samarbeida med privat næringsverksemd, t.d. Nordhordland handverk- og Industrilag (NHIL) og med organisasjonar utanfor regionen
- styrka tiltaksarbeidet og stimulera til etablering av småbedrifter
- leggja tilhøva til rette for ei vidare utbygging i Mongstad-området, m.a. ved etablering av storhamn og tilgang på drikke- og industrivatn
- sikra nytt næringsareal i alle ungdomsskulekrinsane

Bustad- og utbyggingspolitikk

Venstre vil stimulera til at folk kan etablere seg i alle skulekrinsar i kommunen. Dyrka mark skal i minst mogeleg grad nyttast til anna enn landbruksføremål. Venstre vil

Venstre vil

- utvikla dei tre sentra våre på Lindås, på Ostereidet og i Knarvik, m.a. ved å plassera byggjefelt slik at dei står opp om dei lokale sentra for kommunale og private tenester
- ha eit allsidig bustadtilbod der ein byggjer konsentrert i sentrale delar av kommunen, og kor ein nyttar Lindås Tomteselskap AS for å sikra rimelege tomter i bygder der det er få byggjeklare tomter
- opna for einskildbustader i område med spreidd busetnad og i LNF-område
- stimulera til sosial bustadbygging og ungdomsbustader



Venstre ønskjer at det skal vera lett å etablere nye verksemdar.

Miljø og naturvern

Venstre vil arbeida for at lokal handling skal verta eit viktig verkemiddel for å ta vare på miljøet. Me vil forvalta natur-, friluft- og kulturlandskap med varsemd!

Venstre vil

- av miljømsyn kabla kraftlina frå Mongstad til Øygarden
- gjennomføra klimateknologiutviklinga på Mongstad
- ikkje ha småflyplass på Erstadfjellet
- heva ubåten på Fedje for auka tryggleik og sikra våre interesser innan fiskeri og reiseliv
- stengja Sellafeld-anlegget for å hindra at radioaktiv forureining kan nå kysten vår
- setja miljømsynet i fokus i arealplanlegginga i kommunen, og ta vare på matjorda
- gjennomføra vedteken klima- og energi-plan
- ha biobrenselsanlegg i Knarvik
- at kommunen syter for at anboda om skjøtsel av kommunale areal vert etterlevd
- at byggjeareala våre skal nyttast til bustadbygging for fastbuande, og at ny hyttebygging lokaliserast i regulerte felt

Samferdsle

Eit levedyktig lokalsamfunn krev eit godt samspel mellom kollektive rutetilbod og privatbilisme. «Mjuka» trafikantar må sikrast trygg ferdsle med fleire gang- og sykkelstiar. Vegnettet i kommunen og mot Bergen må styrkast. Venstre vil

- byggja Nyborg-tunnelen (eller Nordhordlands-tunnelen når han kjem)
- leggja til rette for rimeleg offentleg parke-ring ved skysstasjonen i Knarvik
- byggja tunnel Isdalstø-Knarvik
- oppgradera fylkesvegane våre og arbeida for å forbetra vedlikehaldet av dei, m.a. Lindsdalen, Lindåsbrekka og strekninga frå gamlemeieriet til Strilatun på Seim
- ha båtbus mellom Knarvik og Bergen
- ha bybana til Knarvik
- starta arbeidet med ein Nordhordlands-pakke 2 der ein m.a. ser på ei sambinding mellom Nordhordland-Øygarden og avgjer ny kryssing av Alverstraumen

Helse- og sosial

Venstre vil at folk skal ha basistilboda nærast mogeleg. Det er uverdigg når menneske med dårleg helse må reise langt, stå lenge i kø for å få naudsynt legehjelp, pleie og behandling. Dei eldre utgjør og ein ressurs som Venstre meiner kan brukast på ein positiv måte, t.d. gjennom friviljug innsats. Tilhøva må leggjast til rette for eit verdig tilvære for dei eldre. Venstre vil

- at første del av utbygginga for demente, Lyngtunet, skjer på Lindås
- ha eit distriktsmedisinsk senter for spesialisthelsetenester i Knarvik
- oppretthalda legesentertilbodet på Oster-eidet og Lindås
- vidareutvikla dagens legevaktsentral i Knarvik, t.d. med røntgen
- at «Barnets beste» må prega arbeidet i barnevernet kvar dag der m.a. tett samarbeid med folk på alle arenaer der barnet er, står sentralt for å oppnå gode resultat
- auka fokuset på ettervern
- ha eit godt utbygt heimebasert omsorgs-tilbod
- leggja til rette for bygging av seniorbustader
- at Lindåstunet får trygge og langsiktige rammevilkår
- ha dagtilbod for eldre i Knarvik, på Ostereidet og på Lindås

Styringa av kommunen

Venstre byggjer på tanken om at alle har ei rolle å spela i forhold til styringa av landet. Folkeleg deltaking og engasjement er Venstre sitt ideal for demokrati. Me ønskjer difor meir makt til dei folkevalde og mindre makt til administrasjonen og rådmannen.

Venstre vil

- gjennomgå delegasjonsreglementet med sikte på å overføra vedtaksmynde frå administrasjonen til dei folkevalde
- ta høgde for auka driftskostnader ved nyinvesteringar, og vere varsame med å auka lånegjelda til kommunen
- vurderer å leiga inn tenester dersom dette er klart kostnadssvarande
- at kommunen utviklar ein moderne arbeidsgjevarpolitikk, som gjennom gode og langsiktige rammevilkår for dei tilsette, medverkar til å utvikla tenestetilbodet vårt

Kommunestruktur

Lindås Venstre meiner at større kommunar i Nordhordland vil medverka til ei meir positiv utvikling i regionen vår.

Me ønskjer difor samanslåing med nabokommunar når dei ønskjer det, og når staten legg dei økonomiske tilhøva til rette for samanslåing. Me meiner at samanslåingar må skje som del av ei større forvaltningsreform der makt og mynde skal overførast frå staten til kommunane og fylka.

Lokal handling skal verta eit viktig verkemiddel for å ta vare på miljøet.



Venstre vil at folk skal ha basistilboda nærast mogeleg.

Grøn vekst i Hordaland

Venstre sin politikk kombinerar personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Me har sterk tru på menneske si skaparevne, kreativitet og ansvarskjensle.

Me vil at fylkeskommunen skal medverka til at vi får **eit nyskapande næringsliv** som kan fremje vekst og velferd. Hordaland må bli leiande på marine og maritime næringar, miljø- og berekraftig forvaltning av naturressursar, kultur- og naturbasert turisme og fornybar energi.

For Venstre er **ferjefri kyststamveg (E 39) prioritet nummer ein** for vegbygging i Hordaland. Nyborg-tunnelen og øvrige tiltak som ligg i Nordhordlandspakken må setjast ut i livet snarast. Vegane må rustast opp. Parkeringstilhøva må leggjast til rette for meir kollektivtrafikk både med buss, båt og ei framtidig bybana til Knarvik. Båtbuss Knarvik-Bergen og tanken om bybana må omsetjast til handling. Da må innførast einskapstakstsonar på bussane i Nordhordland.

«Samferdsla hemmar verdiskapinga i vår region, mens det ligg eit stort uforløyst potensiale i kultur- og reiselivsbaserte opplevingar.»

Rolf Nesheim (Lindås)
5. kandidat til fylkestinget



Satsinga på samferdsle og tiltak for at folk i vesentleg større grad nyttar kollektive transportmiddel er svært viktig i miljørøyming. Fylkeskommunen sin klimaplan for 2009 må følgjast opp, og kraftliner må i hovudsak kablast.

Me vil auka satsinga på utdanning og ha Hordaland som prøvetykke for ei praktisk retta teoriopplæring for yrkesfagelevane. Austrheim vgs må rustast opp slik at skulen settar dei framtidsetta krava til bygg og undervisningsføremål. Knarvik vgs må få høve til å vidareutvikla seg.

Kultur- og reiselivsbaserte opplevingar har eit stort potensiale i Nordhordland. Det er viktig at fylkeskommunen medverkar til at dette blir teke ut. Museumsverksemd i Nordhordland må prioriterast.

Ei god skulehelseteneste, eit godt psykisk helservern og eit desentralisert tannhelsetilbod i heile fylket er viktige berebjelkar i helsetilbodet vårt.

Venstre vil ha ei forvaltningsreform der vi flyttar makt og mynde frå staten og til kommunane og den einskilde borgar. Me vil ha meir folkevald styring og t.d. at Fylkesmannen skal ha mindre makt og mynde og færre oppgåver.



«Venstre tek omsyn til miljøet og har visjonar for næringslivet. For oss går rein luft og nye jobbar hand i hand. Derfor vil me ha grøn vekst i Hordaland.»

Mona Haugland Hellesnes
1. kandidat til fylkestinget

Toppkandidatane i Hordaland

- 1 **Hellesnes, Mona Haugland** (1967 Ulvik)
- 2 **Greaker, Alf Helge** (1977 Bergen)
- 3 **Njærheim, Anne Beth** (1964 Bømlo)
- 4 **Hamre, Bjørnar** (1984 Bergen)
- 5 **Nesheim, Rolf** (1960 Lindås)
- 6 **Simonsen, Grete Line** (1967 Bergen)
- 7 **Turøy, Tore Magne** (1951 Fjell)
- 8 **Handeland, Synnøve** (1968 Kvinnherad)
- 9 **Hufthammer, Bjørn Magne** (1982 Austvoll)
- 10 **Kvamme, Synnøve** (1991 Granvin)

sjå heile programmet og alle kandidatane på
www.hordaland.venstre.no

Kandidatane våre



1. **Aashild Halland**
f. 1954
5955 Lindås



2. **Odin Kristiansen**
f. 1954
5956 Hundvin



3. **Borgar Titland**
f. 1979
5912 Seim

4. **Turid B. Hølleland**, 1962, 5993 Ostereidet
5. **Anders Kvamme**, 1974, 5911 Alversund
6. **Sigbjørn Spurkeland**, 1987, 5914 Isdalstø
7. **Inger-Helen Kjenes**, 1977, 5955 Lindås
8. **Rolf Nesheim**, 1960, 5912 Seim
9. **Miriam Vågenes**, 1979, 5911 Alversund
10. **Erlend Einevoll**, 1967, 5955 Lindås
11. **Charles S. Lilleskare**, 1953, 5912 Seim
12. **Laila Fjellanger**, 1951, 5955 Lindås
13. **Helge Tangen**, 1951, 5914 Isdalstø
14. **Geir Nilssen**, 1956, 5913 Eikangervåg
15. **Vibeke Øvrebø**, 1961, 5911 Alversund
16. **Ole Jørgen Kjenes**, 1973, 5911 Alversund
17. **Irene Femanger**, 1945, 5993 Ostereidet
18. **Jørgen Bleikli**, 1961, 5914 Isdalstø
19. **Camilla Ramsvik**, 1980, 5913 Eikangervåg
20. **Øystein Martinsen**, 1983, 5912 Seim
21. **Tryggve Odd Kvalvåg**, 1974, 5956 Hundvin
22. **Agnar Lien**, 1942, 5914 Isdalstø
23. **Åse Kari Einevoll**, 1957, Seim
24. **Oddbjørn Haukøy**, 1977, 5911 Alversund
25. **Helge Fjellanger**, 1950, 5955 Lindås
26. **Mohamed Boye Jallo Jamboria**, 1955, 5911 Alversund
27. **Erna Langøy**, 1942, 5912 Seim
28. **Sveinung Toft**, 1967, 5993 Ostereidet
29. **Anny Femanger Austgulen**, 1955, 5914 Isdalstø
30. **Arild Pedersen**, 1969, 5955 Lindås
31. **Svein Viken**, 1957, 5993 Ostereidet
32. **Solveig Johnsen**, 1937, 5955 Lindås



venstre

sjå heile programmet på

www.lindaas.venstre.no